



FLORA
KOMMUNE

Kultur- og kirkedep.

23. APR. 2007

2006.16573-092

Saksgang:
Kultur- og oppvekstutvalet

Møtedato:
10.04.2007

Saksnr.:
013/07

Sakshandsamar:
Edvin Helgheim

Arkiv: K2-C60
Objekt:

Arkivsaknr
06/776

BIBILOTEKREFORM 2014 .- HØYRINGSUTTALE

Kva saka gjeld:

Kultur- og oppvekstutvale handsama denne sak i møte 13.02 i sak 10/07. det vart då nedsett ei gruppe som skulle komme med uttale for Flora Kommune fordi fristen var kort. Fristen for uttale er no utsett og Kultur- og oppvekstutvalet kan då samla vedta ein uttale.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Kultur og oppvekstutvalet vedtar fråsegna slik ho ligg føre

10.04.2007 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Framlegg:


Røysting:

Samrøystes vedteke.

KUOP-013/07 VEDTAK:

Kultur og oppvekstutvalet vedtar fråsegna slik ho ligg føre
Xx

Fredrik W. Gulbranson,
rådmann


Edvin Helgheim,
kultursjef

Innleiing:

Kultur- og oppvekstutvale handsama denne sak i møte 13.02 i sak 10/07. det vart då nedsett ei gruppe som skulle komme med uttale for Flora Kommune fordi fristen var kort. Gruppa består av Odd Stubhaug, Roald Leivestad og Kaia Hjorthol (vara Reidar Knapstad). Fristen for uttale er no utsett, og Kultur- og oppvekstutvalet kan då samla vedta ein uttale. Biblioteksjef Eli Eidsvik har laga utkast til ein uttale. Gruppa som vart sett ned, vil prøve å samle seg og kan komme med endringar i høve til det utkastet biblioteksjefen har kome med, som er presentert nedanfor. Evt. endringar vil bli lagde fram på møtet.

Vurdering

Bakgrunn

På oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet har ABM-utvikling laga utgreiing om planlegging av bibliotektenester i Norge framover. Utgreiinga omfattar folkebibliotek, skulebibliotek, og fag- og forskningsbibliotek. Mandatet vart gitt i 2004, utgreiinga er no lagt fram med tittel: Bibliotekreform 2014.

Biblioteka står framfor store utfordringar. Det vert stilt nye krav i samsvar med endringar i samfunnet elles. Biblioteka skal følgje med i den teknologiske utviklinga, vere bidragsytarar til utvikling av kunnskapssamfunnet, sikre tilgang til kunnskap og kultur for alle innbygarane i landet, vere kulturell og sosial møteplass, og ha særleg fokus på litteraturtilbod til barn og ungdom.

Norge har mange små bibliotek med avgrensa ressursar, interesser og behov hos brukarane skal tilfredsstillast der brukarane er. Dette kan vere problematisk slik biblioteklandskapet ser ut i dag. Framlegget til reform er forsøk på å imøtekomme denne problemstillinga.

I høyringsbrevet ber departementet om at høyringsfråsegna vert lagt opp etter ein oppgitt mal og at framlegga vert kommenterte i same rekkefølge som i utgreiinga. Det vert spesielt bedt om kommentarar til framlegget om ei endra biblioteklov, eit norsk digitalt bibliotek og konsolidering innan folkebiblioteksektoren.

FRÅSEGN

1. Generelle kommentarar

Flora kommune støttar i hovudsak hovudmåla i utgreiinga som vil kunne gi biblioteksektoren eit stort og viktig løft slik at ein kan nærme seg nivået på bibliotektenestene i dei øvrige nordiske landa.. Målsettinga i reforma er at biblioteksektoren i 2014 skal bestå av eit samhandlande nettverk av sterke og kompetente bibliotek. Biblioteka skal kunne tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturoppleving uavhengig av utdanning og kvar ein bur i landet. Biblioteka har også ei viktig rolle som offentleg møteplass i lokalsamfunnet. Dei tre hovudmålområda i utgreiinga: *Innhald og teneste*, *Struktur og organisering*, og *Kompetanse og forskning*, er viktige i høve til samfunnsutviklinga og dei utfordringar biblioteka står framfor.

Det bør også vere ei klarare og forpliktande samarbeidsline mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Framlegget har mange gode og positive tiltak. Samarbeid og samordning blir viktig på alle nivå, lokalt, regionalt, og nasjonalt. Det blir viktig å halde fokus på at dette skal vere ei satsingsreform, og ikkje ei effektiviseringsreform. Heile reforma vil vere eit økonomisk løft for staten. Dersom reforma skal ha den effekt som er ønskeleg, må ein rimeleg del av ressursane desentraliserast. Vi treng nasjonale tiltak, men dersom ressursane i for stor grad blir brukt sentralt, vil den enkelte brukar ikkje få det som var tiltenkt.

Utgreiinga tek utgangspunkt i den enkelte brukar og brukaren sine behov, og dette ser vi som godt og rett.

2. Kommenterar til dei enskilde framlegga

Målområde 1. Innhald og tenester i Norgesbiblioteket

Strategi 1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

Samla mål: - Eit digitalt abm-program skal gi alle enkel tilgang til digitale innhaldsressursar i arkiv, bibliotek og museum. - Eit norsk digitalt bibliotek skal utvikle gode nettbaserte bibliotektenester.- Biblioteksektoren skal ha ein digital infrastruktur som til ei kvar tid er på høgde med den teknologiske utviklinga.

Tiltak: Etablere ein abm-portal som felles inngang til nettbaserte kultur- og kunnskapsressurs

Tiltak: Iverksette programmet Norsk digitalt bibliotek

Tiltak: Gi tilgang til sentrale kunnskapskjelder gjennom lisensar og andre vederlagsordningar.

Kommenterar: Samarbeid innanfor ABM-sektoren kan vere greitt, men biblioteka bør marknadsførast under sitt gamle merkenamn "bibliotek". Norsk digitalt bibliotek må i alle høve prioriterast før ein abm-portal, då det er viktig å få samla nasjonale og lokale tenester. Norsk digitalt bibliotek skal gi fri tilgang til ein norsk kunnskapsalmenning, ein digital nasjonal kunnskapsbase og til internasjonal faglitteratur. Samsøk i fag- og folkebiblioteka er eit viktig tiltak som må prioriterast.

Strategi 1.4 Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs

Tiltak: Etablere eit fast samarbeid mellom bibliotek- og utdanningsstyremaktene på nasjonalt nivå.

Tiltak: Utvikle verktøy og metodar for opplæring i informasjonskompetanse

Kommenterar: Flora kommune er positiv til etableringa av eit samarbeidsorgan mellom bibliotek- og utdanningsstyremaktene på nasjonalt nivå. Kunnskapsdepartementet har eit ansvar for å utvikle gode bibliotektenester for skuleelevar, studentar og forskarar.

Biblioteka vil stadig bli viktigare med hensyn til livslang læring, og dagens samfunn krev stadig meir kunnskap om informasjonssøking og kjeldekritikk. Koordinatorstilling for skulebiblioteka i den enskilde kommune er viktig, men ein må også ha tilsette til den daglege drifta av skulebiblioteka.

Strategi 1.5 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

Samla mål: - Biblioteka skal bidra til leselyst og leseferdigheit gjennom aktiv litteraturformidling. Biblioteka skal tilby eit breitt spekter av litteratur og andre kulturuttrykk.

Tiltak: Iverksette eit program for litteraturformidling.

Kommenterar: Flora kommune støttar eit program for litteraturformidling som kan gje dette feltet status og tilføre midlar til formidlingstiltak og kurs. Litteraturformidling er ei viktig oppgåve for folkebiblioteka, og det kan vere hensiktsmessig og rasjonelt å samordne nettprogram og formidlingssider.

Tiltak: Styrke og utvide dei offentlege innkjøpsordningane for litteratur og andre media.

Kommenterar: Flora kommune støttar dei innkjøpsordningane som det vert gjort framlegg om i utgreiinga, og meiner ein spesielt må prioritere å få meir barne- og ungdomsbøker ut i skulane. Innkjøpsordning for norsk film og utviding av innkjøpsordninga for norsk musikk er bra.

Strategi 1.6 Styrke biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.

Mål: Biblioteka skal bidra til å styrke integrering av innvandrarak i det norske samfunnet. Biblioteka skal formidle kunnskap om breidda av det kulturelle mangfaldet i Norge .

Tiltak: Bidra til inkludering av innvandrarak gjennom litteratur- og kunnskapsformidling.

Kommentarak: Flora kommune støttar dei samla måla og meiner at Bibliotekreform 2014 gir ein god omtale av den viktige rolla biblioteka spelar i det kulturelle samfunnet. For mange innvandrarak er biblioteket i tillegg til tileigning av kunnskap, ein viktig møteplass. Dette merkar ein også i Flora kommune som har mange innbyggjarar med innvandrarakbakgrunn.

Det er viktig at staten opprettheld og vidareutviklar si satsing på Det fleirspråklege bibliotek i Oslo. Dette depotbiblioteket har ei viktig rolle som kompetansesenter og rettleiar for biblioteka over heile landet. Flora folkebibliotek er som mange andre folkebibliotek ein storforbrukar av Det fleirspråklege bibliotek, spesielt når det gjeld innlån av depot på mange ulike språk. Det fleirspråklege bibliotek bør også kunne få høve til å iverksette kurs for at folkebiblioteka kan få auka sin fleirkulturelle kompetanse.

Målområde 2. Struktur og organisering

Strategi 2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket.

Tiltak: Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar.

Kommentarak:

Flora kommune meiner ein treng eit sterkare kompetansemiljø for å kunne yte betre tenester til brukarane og utnytte ny teknologi. Flora kommune er positiv til at samarbeid mellom folkebiblioteka kan gi betre bibliotektenester i kommunane og utnytte biblioteka sine ulike ressursar til beste for brukarane. Men større bibliotekeiningar gjev ikkje automatisk kvalitativt betre tenester til brukarane. Dersom ein med konsolidering meiner ei organisatorisk samanslåing, må ein ta omsyn til geografiske føresetnader. I Sogn og Fjordane er det mange små kommunar der folkebiblioteka berre har deltidstilling. Skal ein gjennomføre framlegget om minst 6-8 stillingar i biblioteket, må mange kommunale folkebibliotek slå seg saman. Det vert ikkje lett å samarbeide så tett dersom reiseavstandane vert for lange. Ei konsolidering må vere frivilleg. Gode samarbeidsprosjekt må også kunne utløyse statlege løyvingar.

Det er også viktig å merke seg at samarbeid som kjem i gang utifrå registrerte lokale behov, ofte vert meir vellykka enn pålagte modellar frå høgare nivå. Det finst mange gode samarbeidsprosjekt mellom norske bibliotek, også i Sogn og Fjordane.

Fylkesbiblioteka kan vere pådrivarar til samarbeidsprosjekt. Utgreiinga slår også fast at det skal vere bibliotekavdeling i kvar kommune. I mange kommunar kan det vere aktuelt å sjå på konsolidering av folke- og skulebiblioteka. Men først må skulebiblioteka opprustast til eit forsvarleg nivå.

Ein føresetnad for eit godt bibliotektilbod, er nærleik til brukarane. Folkebiblioteka har ei viktig rolle som møteplassar, og ved sentralisering eller konsolidering vil ikkje alle brukarane få så lett tilgang til det "fysiske biblioteket".

I følgje dagens biblioteklov har kommunane ansvar for bibliotektenesta. Skal kommunane i framtida ha dette ansvaret, også økonomisk, er det rimeleg at kommunane har ein viss styringsrett. Med felles biblioteksjef for fleire kommunar gir kommunane langt på veg frå seg den økonomiske styringa.

Strategi 2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek

Tiltak: Etablere ei transportordning for distribusjon av materiale mellom bibliotek i Norge.

Kommentarak: Etablering av ei transportordning er bra, men ein må få til regionale transportordningar, og dette kan verte ei utfordring m.a. i Sogn og Fjordane på grunn av geografiske tilhøve. Det er naturleg at fylkesbiblioteka utarbeider planar for regionale transportordningar.

Ei nasjonal transportordning må vere på plass samtidig eller helst før ein opnar for nasjonalt samsøk, då ein då kan vente seg ei stor auke i talet på fjernlån.

Tiltak: Endre noverande biblioteklovgiving for å sikre samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk.
Mål: Ei ny biblioteklov som sikrar samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk, skal vere vedtatt i løpet av 2010.

Kommentarar:

Flora kommune er einig i at Biblioteklova må endrast slik at lova omfattar alle typar bibliotek (folke-, skule- og fagbibliotek) og at desse blir pålagte å delta i biblioteknettverket. Vidare må biblioteklova vere ei "rettighetslov" som tar utgangspunkt i brukarperspektivet og eit likeverdig bibliotektilbod for alle.

Ein kan ikkje forvente at skulebiblioteka kan delta som ytarar i fjernlånsamarbeidet.

Målområde 3. Kompetanse og forskning.

Strategi 3.1 Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren.

Tiltak: Etablere eit kompetanseutviklingsprogram for å styrke Norgesbiblioteket og dei konsoliderte biblioteka

Tiltak: Utvikle eit hospiteringsprogram for bibliotektilsette

Kommentarar:

Flora kommune ser positivt på framlegga om utvikling og kompetanseheving innan biblioteksektoren. Men eit utdanningsprogram må ikkje berre rette seg mot konsoliderte bibliotek. Det er viktig at det også vert regionale kompetanseutviklingsprogram som tar hensyn til lokale behov, og som sikrar at flest mogleg bibliotektilsette får ta del i kompetanseheving. Her kan fylkesbiblioteka spele ei aktiv rolle. Alle som arbeider med informasjons- og kulturformidling er avhengige av å bli oppdaterte og få ny kunnskap og høve til vidareutdanning.

Kompetanseprogramma må omfatte alle typar stillingar i biblioteka..

Framlegget om eit hospiteringsprogram på nasjonalt nivå i utanlandske bibliotek, kan vere eit godt tiltak, men ein bør få til ei hospitering ved andre bibliotek innanlands også.

3. Andre kommentarar

I Bibliotekreform 2014 er det framlegg om at det regionale nivået (fylkesbiblioteka) skal konsentrere seg om koordinerings- og utviklingsoppgåver og overlate mest mogleg av driftsoppgåvene til kommunane. Når det gjeld drift av mobile bibliotektenester som ofte omfattar større område, regionar, meiner Flora kommune at dette framleis må driftast av det regionale nivået. I Sogn og Fjordane er bokbåten Epos eit viktig tilbod, og dei fleste kystkommunane tar del i denne tenesta.

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	23.05.2006	ABM-utvikling	Statistikk for grunnskulebibliotek 2005 - kommunen	
2	I	05.01.2007	Det kgl. Kultur- og kyrkjedepartement	Høyringsbrev - 'Bibliotekreform 2014'	
4	I	05.03.2007	ABM-utvikling	Statistikk for grunnskulebibliotek 2006 - kommunen	